



## Nye Ålesund - på full fart inn i framtida

**Tid:** 3. oktober 09.00 - 16.00

**Stad:** Ålesund – Color Line Stadion, VIP avdelinga

**Målgruppe:** Fellesnemnd, kommunestyre, tilsette, tillitsvalde og samarbeidspartar

**Tema:** Menneske og organisasjon, teknologi og innovasjon

**Påmelding:** [Påmeldingsskjema til konferansen](#)

Innleiarane på denne konferansen vil frå ulike ståstader belyse korleis kravet om innovasjon og bruken av ny teknologi påverkar oss som kommune, som politikarar, som leiarar og tilsette. Du vil óg få ein smakebit på det som foregår i og omkring nye Ålesund og som skal bidra til å bygge innovasjonskapasitet i den nye kommunen.

### Program

|                |   |
|----------------|---|
| 08.30 - 09.00  | Registrering og kaffe   |
| 09.00 - 09.20  | Opning v/leiar i fellesnemnda, Eva Vinje Aurdal.<br>Kulturinnslag   |
| 09.20 - 10.50  | Korleis endrar ny teknologi samfunnet, og kva betyr det for oss som kommune?<br>Arne Krokan, professor ved NTNU Trondheim |
| 10.50 - 11.05  | Borrdiskusjon og innspel frå deltakarane  |
| 11.05 - 11.15  | Pause   |
| 11.15 - 11.45  | Kva skjer i nye Ålesund? 2 minutts speed-presentasjonar frå ulike innleiarar  |
| 11.45 - 12.30  | Lunch   |
| 12.30 - 14.00: | Korleis samskaper smarte kommunar med innbyggjarane? Jacob Torfing, professor ved universitetet i Roskilde                |
| 14.00 - 14.30  | Brukerdriven innovasjon – ei sirkulær reise i eit lineært system v/Cecilie Campbell, dagleg leiar i ALV-Møre og Romsdal   |
| 14.30 - 14.45  | Borrdiskusjon og innspel frå deltakarane  |
| 14.45 - 14.55  | Pause   |
| 14.55 - 15.25  | Kva skjer i nye Ålesund?<br>2 minutts speed-presentasjonar av ulike innleiarar  |
| 15.25 - 15.55  | Forsvarleg digitalisering<br>Helge Veum, prosjektkoordinator IKT og digitalisering i nye Ålesund kommune                  |
| 15.55 - 16.00  | Oppsummering  |

## Meir om hovudinnleiarane



**Arne Krokan** er professor ved NTNU der han arbeider med prosjekt som omhandlar problemstillingar i skjæringspunktet mellom teknologi, organisasjon og samfunn.

Krokan sitt store prosjekt er å forstå meir av korleis ny teknologi endrar samfunnet, spesielt organisasjonar, deira forretningsmodellar og vilkår for verdiskaping.



**Jacob Torfing** er professor i politikk og offentlig administrasjon ved Roskilde universitet. Torfing har bidratt til at omgrepet samskaping har blitt ein del av vokabularet for dei med interesse for innovative prosessar i offentlig sektor.

Samskaping er når to eller fleire offentlege og private partar inngår i eit likeverdig samarbeid for å finne nye og betre løysingar.

Det er ikkje samskaping, når kommunen:

- sender nesten ferdige løysingar på høyring.
- involverer innbyggjarane i forprogrammerte prosessar.
- flyttar oppgåver frå det offentlege til private aktørar for å spare pengar.



**Cecilie Campbell** er leiar i [ALV-Møre og Romsdal](#). ALV er ein læringsarena for velferdsteknologi, drifta gjennom eit partnerskap mellom NTNU i Ålesund og 16 kommunar. ALV-Møre og Romsdal jobbar for å bygge og dele kunnskap om velferdsteknologi gjennom samarbeid mellom det offentlege, academia, brukarorganisasjonar, privat næringsliv og andre samfunnsaktørar.

Campbell er tett på menneska i møte med teknologien, tilsette i møte med brukarar, brukarar i møte med kommunen.



**Helge Veum** har ansvaret for arbeidet med IKT og digitalisering i prosjektorganisasjonen for nye Ålesund. Veum har mange års erfaring som avdelingsdirektør i Datatilsynet og har med seg viktige perspektiv inn i arbeidet knytt til personvern og informasjonssikring.

Nye Ålesund skal handtere den krevjande oppgåva med å skape gode digitale løysingar som også er forsvarlege når det gjeld informasjonssikring og personvern. I tillegg er det fleire forvaltningsetiske og samfunnsetiske spørsmål som vi må handtere når vi arbeider med ny teknologi som kunstig intelligens og store data.

